



Viktig møte i Oslo i dag:

Clean Coast får Bellona-drahjelp

Miljøorganisasjonen Bellona har kasta seg inn i kampen for å få fortgang i plastryddinga langs kysten. Og det lokale gründerfirmaet, Clean Coast, blir drege fram som eit pilotprosjekt å satse på. I dag møter gründerane frå Vanylven, representantar frå

Runde miljøsenter og ordførar Lena Landsverk Sande viktige beslutningstakarar i Oslo saman med Bellona.

SIDE 5



Påske-avis

Det er vanskeleg å få distribuert ei avis over heile landet neste veke. Mellom anna difor slår vi i år to fluger i ein smekk og legg litt ekstra magasinstoff i siste delen av denne avisa.

Der har vi sjølv sagt sytt for å få med eit lokalt påskekryssord og tevlingar for dei yngre. Vidare byr vi på intervju, biletreportasjar og litt mat-tips.

God påske!

Lammingstid i Arnegarden

Våren er den mest hektiske tida for saueigarar. Då er det kjekt å ha god hjelp i fjøsen.

Martine (t.v.) og Saiva likar å hjelpe til hos Atle Arnesen i Syvde. Her står dei med Synne og Sanna, dei to første av

dei 149 lamma som er venta i Arnegarden før det heile er over.

Besøk den nye **golvavdelinga**

vår i gamlebanken! Her finn du eit utruleg utval i parkett, laminatgolv, også med vanttett teknologi, kork og vinylclick.

FARGERIKE
Spesialforretninga i Syvde
Tlf.: 700 20 800

PERIODISK
KØYRETY-
KONTROLL



Autorisert verkstad Tlf 57 85 65 45

Lat oss teste
synet ditt!

Tinging av time: 70 07 70 19



OPTIKK VOLDA

Tlf. 70 07 70 19, Holmen 7, 6100 Volda